

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 15/8734-22

### Ferjeavløysing - Ytre Steinsund i Solund kommune

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget sluttar seg til at det skal søkjast om ferjeavløysingsmidlar for prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru ut frå dagens kostnadsnøkkel i inntektssystemet (2017).
2. Fylkestinget set som føresetnad at det føreligg godkjent reguleringsplan for prosjektet før søknaden vert sendt.
3. Fylkestinget set som føresetnad at det føreligg godkjent kostnadsoverslag for prosjektet med forventa kostnad under 750 mill. kr.
4. Søknaden om ferjeavløysingsmidlar for fv. 606 Ytre Steinsund bru, slik den framgår av vedlegg 1, vert sendt til Statens vegvesen innan 31.12.2017.
5. Fylkestinget har som intensjon å realisere prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru som eit ferjeavløysingsprosjekt. Fylkestinget vil ta endeleg stilling til oppstart av prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

**Vedlegg:**

Framlegg til søknad om ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund  
Tekst del og plankart – i framlegg til reguleringsplan for Fv. 606 Ytre Steinsund bru  
Overslag på ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund – brev frå KMD 7.11.2017

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Innleiing og samandrag**

Fylkesutvalet gav 22.11.17, i sak 121/17 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-27, m.a. slik tilråding overfor fylkestinget:

Fylkestinget godkjenner framlegget til investeringsprogram, som vert å innarbeide i den endelege transportplanen, med slike endringar:

Det skal lagast finansieringsplan for realisering av Ytre Steinsund som ferjeavløysings-prosjekt. ... Fylkesutvalet ber om å få dette opp som eiga sak i fylkestinget i desember, med sikte på å sende søknad innan nyttår for mulig realisering etter gamal ordning.

Fylkesrådmannen fremjar på dette grunnlag ei eiga sak overfor FU 04.12.17, med sikte på handsaming i FT 05.-06.12.17.

I saka tilrår fylkesrådmannen at det vert sendt søknad om ferjeavløysing for prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru ut frå dagens kostnadsnøkkel i inntektssystemet (2017).

Ein føresetnad for søknaden er at det føreligg godkjent reguleringsplan for prosjektet før søknaden vert sendt og at godkjent kostnadsoverslag ligg under 750 mill. kr.

Fylkestinget må ta endeleg stilling til oppstart av prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

## **2. Bakgrunn for saka**

Til møtet i fylkesutvalet 22.11.17 la fylkesrådmannen fram eit notat om ferjeavløysing – prosess og økonomiske konsekvensar. Fylkesutvalet bad i same møte om at det vart lagt fram ei sak om søknad om ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund til handsaming i fylkestinget 05.-06.12.17.

## **3. Om prosjektet**

### Prosjekt mål

Inkludere Ytre Sula i ein felles bu- og arbeidsregion i Solund kommune i enda større grad ved å etablere eit fast brusamband.

Målet med prosjektet er å erstatte eksisterande ferje med bru. Dette skal gje innbyggjarane i Ytre Solund like vilkår som andre til å delta i aktivt i lokalsamfunnet og ha same moglegheit til å reise til fastlandet. Likeeins skal dette gje innbyggjarane i Indre Sula høve til å ta i bruk, lære av, delta aktivt i og bidra til lokal samfunnsutvikling i Ytre Solund.

Solund kommune er ein rein øykommune med spreidd busetnad. Det er busetnad på om lag 15 øyer eller veglause stader.

Kommunen har hatt ein viss auke i folketalet dei siste to åra og har pr. 1. juli 2017 807 innbyggjarar. Om lag 200 av desse bur i Ytre Solund.

Kommunen har etter fleire tiår med intern sentralisering, vorte samla til eitt bu- og arbeidsområde og alt kommunalt tenestetilbod (m.a. 1 barnehage, 1 skule, 1 helse- og omsorgssenter) og alle dei kommunale arbeidsplassane har i dag sin base på Hardbakke.

Det går i dag ferje mellom Daløy og Haldorsneset med ein kapasitet på 10 bilar. Dei fleste dagar i veka går ferja frå 06.50 til 21.00. For å betre kommunikasjonen internt i kommunen er det eit sterkt ønskje å erstatte ferja med eit fast samband.

### Prosjektkostnad

Statens vegvesen (SVV) sende fylkeskommunen 7.11.17 eit førebels kostnadsoverslag på 686 mill. 2017-kr med ein uvisse på +/- 10 pst. Dette talet er ikkje endeleg godkjent i SVV. SVV har gitt arbeidet med kvalitetssikringa av overslaget høg prioritet og det er forventa at dette ligg føre med det første.

### Planstatus

Solund kommune sendte reguleringsplan for Ytre Steinsund ut på høyring 31. oktober 2017. Planen skal godkjennast av kommunestyret ca. 20. desember 2017.

## **4. Om ferjeavløysingsordninga**

Eit ferjeavløysingsprosjekt inneber at det blir bygd eit nytt vegsamband, vanlegvis ei bru eller ein undersjøisk tunnel, med tilhøyrande vegnett, som erstattar eller kortar inn på eit ferjesamband. Ordninga med alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesvegferjer legg til rette for at fylkeskommunane kan delfinansiera slike prosjekt med midlane dei får for ferjesambandet gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet.

### Krav til søknad og søknadsprosess

I retningslinjene for ferjeavløysingsordninga er det m.a. sett følgjande krav til søknadar:

- Det må liggja føre ein godkjent reguleringsplan (jf. punkt 3.3 i retningslinjene).
- Det må liggje føre ein realistisk finansieringsplan for prosjektet, med eit kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/- 10 prosent (jf. punkt 3.3 i retningslinjene).
- Det skal vera gjennomført ei ekstern kvalitetssikring for prosjekt med ei kostnadsamme på over 750 mill. kroner (jf. punkt 3.3 i retningslinjene).
- Søknaden må vere behandla av fylkestinget og fylkestinget må ha gjort eit prinsippvedtak om prosjektet (jf. punkt 4.4 i retningslinjene)
- Søknaden skal innehalda informasjon om det nye vegnettet, inkl. framdriftsplan og opplysningar om endringar i veglengda fordelt etter vegtype/vegelement, vegstandard og trafikkprognose i ÅDT i opningsåret (jf. punkt 4.5 i retningslinjene).

### Søknadsprosessen er som følgjer

1. Først skal fylkeskommunen avklara om vegprosjektet kjem inn under ordninga ved å retta ein førespurnad om førehandsavklaring til Samferdselsdepartementet.
2. Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjev i samband med førehandsavklaringa eit overslag på årlege ferjeavløysingsmidlar prosjektet kan utløysa, med utgangspunkt i inntektssystemet som gjeld på det tidspunktet overslaget blir gjeve. Overslaget er førebels og tek utgangspunkt i inntektssystemet slik det er på det tidspunktet førehandsavklaringa blir gjeve. Det endelege beløpet blir rekna ut i samband med behandlinga av den endelege søknaden.
3. Fylkeskommunen sender den endelege søknaden til Statens vegvesen regionalt.
4. Søknaden blir først behandla av Statens vegvesen regionalt, før den blir sendt vidare til Vegdirektoratet som gjev ei tilråding til Samferdselsdepartementet. Samferdselsdepartementet avgjer så endeleg om prosjektet kjem inn under ordninga.
5. Når Samferdselsdepartementet har gjort endeleg vedtak om at prosjektet kjem inn under ordninga, fastset Kommunal- og moderniseringsdepartementet storleiken på ferjeavløysingsmidlane og lengda på utbetalingsperioden.

Fylkesrådmannen sitt framlegg til søknad som skal sendast Statens vegvesen regionalt, følgjer som vedlegg 1.

Fylkestinget kan gjere nytt vedtak eller stadfesta tidlegare vedtak om realisering av prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla av departementa.

## **5. Ferjeavløysingsmidlar**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har i brev av 7.11.17 lagt fram overslag for ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund.

Ytre Steinsund kan utløyse om lag 19,7 mill. 2017-kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar med kostnadsnøkkelen for 2017, og om lag 8,9 mill. 2017-kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar med kostnadsnøkkelen for 2018.

Ut frå desse tala har fylkesrådmannen berekna at det vert utbetalt ferjeavløysingsmidlar i inntil 22 år (ut frå kostnadsnøkkel for 2017).

## **6. Finansieringsplan**

Ferjeavløysingsordninga gjev eit stort bidrag til finansiering av prosjektet. Det er likevel ikkje kostnadsfritt for fylkeskommunen å ta i mot tilskot frå ordninga, då renteutgifter på prosjektlånet ikkje vert dekt av ordninga. I notatet til fylkesutvalet til 22.11.17 er dei økonomiske konsekvensane av prosjektet utgreidde.

Dei første 10 åra etter oppstart vil krevje om lag 153 mill. kr i driftsmidlar til å dekkje renter og avdrag på prosjektlånet. Tilsvarande tal for heile ferjeavløysingsperioden (22 år) er berekna til om lag 228 mill. kr.

#### Finansieringsplan i faste 2018-kr dei første 10 åra:

Utgifter/år	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Investeringskostnad	140	280	280							
Avviksfond (10 pst.)			70							
Kapitalkostnad (rente + avdrag)	1	10	26	41	40	38	36	35	34	32
<b>Sum</b>	<b>141</b>	<b>290</b>	<b>376</b>	<b>41</b>	<b>40</b>	<b>38</b>	<b>36</b>	<b>35</b>	<b>34</b>	<b>32</b>

Finansiering/år	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Ferjeavløysingsmidlar				20,2	20,2	20,2	20,2	20,2	20,2	20,2
Mva. refusjon	27	53	66							
Lån	113	227	283	0						
<b>Driftsmidlar</b>	<b>1</b>	<b>10</b>	<b>26</b>	<b>21</b>	<b>19</b>	<b>18</b>	<b>16</b>	<b>15</b>	<b>13</b>	<b>12</b>
<b>Sum</b>	<b>141</b>	<b>290</b>	<b>376</b>	<b>41</b>	<b>40</b>	<b>38</b>	<b>36</b>	<b>35</b>	<b>34</b>	<b>32</b>

<b>Sum driftsmidlar første 10 år</b>	<b>153</b>
<b>Sum driftsmidlar i ferjeavløysingsperioden</b>	<b>228</b>

Bru over Ytre Steinsund skal finansierast med fylkeskommunale midlar. Totalt må det løyvast 770 mill. 2018-kr. Forventa prosjektkostnad er 700 mill. kr. I tillegg vert det sett av 70 mill. kr for å ta høgde for ev. auka kostnader i prosjektet.

Prosjektet vert finansiert med eit låneopptak på 624 mill. kr og mva. refusjon på 146 mill. kr.

#### Finansieringsplan i mill. 2018-kr

Prosjektkostnad	700
Avviksfond (10. pst)	70
<b>Sum</b>	<b>770</b>

Mva. refusjon	146
Fylkeskommunalt lån	624
<b>Sum</b>	<b>770</b>

Ferjeavløysingsmidlane vert nytta som bidrag til å dekkje avdrag på fylkeskommunalt lån.

## **7. Vurderingar og konsekvensar**

Prosjektet vil, som andre fylkeskommunale investeringar, innebere ein risiko for kostnads-overskridingar. Dette er ein risiko som fylkeskommunen vil stå ansvarleg for. Ferjeavløysingsbeløp eller utbetalingsperiode vil bli fastsett ut frå forventa prosjektkostnad og det vil ikkje bli gjort endringar i dette sjølv om prosjektet skulle bli dyrare eller billegare enn føreset.

Det ligg ikkje føre godkjent kostnadsoverslag eller godkjent reguleringsplan når denne saka vert fremja. Søknaden må difor kompletterast før han vert sendt Statens vegvesen – før 31.12.17.

Førebels kostnadsoverslag syner ein kostnad på 686 mill. 2017-kr. Vi er avhengig av å ha eit godkjent kostnadsoverslag som grunnlag for søknaden.

Fylkesrådmannen legg til grunn at så lenge kostnadsoverslaget ligg under grensa for KS2 på 750 mill. kr så vert det sendt ein søknad om ferjeavløysingsmidlar i år. Endeleg finansieringsplan i søknaden vil ev. måtte oppdaterast ut frå godkjent kostnadsoverslag.

## **8. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at det vert sendt søknad om ferjeavløysing for prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru ut frå dagens kostnadsnøkkel i inntektssystemet for 2017.

Fylkestinget må ta endeleg stilling til oppstart av prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysings-midlar er behandla i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.